



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

3. søndag i fastetida – 8. mars 2015

Preiketekst: Ef 6,10-18

Lesetekst I: Job 2,1-10

Lesetekst II: Mark 9, 17-29

Til åndeleg krig trengst åndelege våpen

Efeserbrevet

Det er frå dette brevet teksten er henta denne søndagen. Sidan det brevet ikkje inneheld nokon spesiell helsing til namngjevne personar og ingen opplysningar om Paulus sjølv, står det i ein særstilling blant Paulus sine brev. Det er truleg eit rundbrev som vart sendt til fleire kyrkjelydar samstundes, eller kanskje vidare frå kyrkjelyd til kyrkjelyd. Som det står i fotnoten i Bibelen 2011, manglar orda «I Efesos» i fleire av dei eldste handskriftene. Dette kan tyde på at det har vore eit tomrom, der ein kunne sette inn namnet på den kyrkjelyden der brevet skulle lesast opp. Det kan ha vore skrive når Paulus sat i fengsel, truleg i byrjinga av 60-talet, kanskje litt før.

Åndelege våpen

I dette brevet underviser Paulus kyrkjelydane om det nye livet i Kristus. Det første kapittelet er på mange vis ei samanhengande lovprising om kva ein eig i Kristus; fridom, tilgjeving og von. *«Må han lysa opp auga til dykkar hjarte, så de får innsikt i kva håp han har kalla dykk til, kor rik og herleg arven er for dei heilage, og kor overveldane hans kraft er mellom oss som trur. For hans makt og styrke er veldig. Med denne krafta reiste han Kristus opp frå dei døde og sette han ved Guds høgre hand i himmelen, over alle makter og herredøme... (1, 18-21a).*

På bakgrunn av dette er det Paulus her i det siste kapittelet skildrar den rustninga den som trur, kan få ta på seg i den kampen ein er sett. Med den «veldige kraft», som Paulus tok fram i byrjinga av brevet, verkar han også gjennom dei som trur på Kristus.

I profeten Jesaja 59,17 vert det sagt om Gud at han sjølv kler seg i sin rustning.

I vår tid er det ofte snakk om ulike former for sjølvutvikling; åndelege teknikkar av ulikt slag. Her er det tale om noko me verkeleg kan bli utrusta med som kjem til oss frå Gud. *«For vår strid er ikkje mot kjøt og blod» (v.12)*, altså ikkje frå menneske. Det som her er skildra, er åndsmakter «i himmelrommet». Dei trengst å bli kjempa mot med åndelege våpen, og difor er den rustninga Gud kan kle oss i gjennom Kristus, så viktig. Heile fastetida er og ei

påminning om den kampen Jesus stridde for oss, og utfriinga han kan gje oss. Jesus er sigerherren over synda, døden og djevelen.

Guds rustning

Guds rustning er då den hjelp ein truande kan ha mot vonde makter. Difor denne militære terminologien. Paulus reknar opp sju deler på rustninga:

- a. *Sanninga* til **beltet** om livet: Her er det nok meint læra i evangeliet som er blitt openberra, slik at ein ikkje let seg rive med «*av kvart vindpust av ny lære*» (sjå 4,14), og at ein med det fell i løgn.
- b. *Rettferda* som **brynje**. Ei brynje vernar om brystet, og er difor så viktig. Vår rettferd for Gud er bristande og kan lett bli råka av angrep. Annleis er det med rettferda som Kristus gjev den truande. Den er fullkommen og løyner våre brister. Rettferda frå Kristus skal ein få kle seg i på ny kvar dag.
- c. *Snør fredens evangelium* til **skor på føtene**. Går ein i eiga kraft, kan ein lett veksle mellom mismot og overmot. Å snøre fredens evangelium til skor på føtene gjer at ein kan gå med faste steg gjennom livet. Det er og det same som å vandre ved hjelp av Den Heilage Ande. Paulus tenkjer gjerne og på orda i Jes 52,7: «*Kor vakre dei er der dei spring over fjella, føtene til den som ber bod, forkynner fred, kjem med god bodskap, forkynner frelse og seier til Sion: «Din Gud er konge!»*»
- d. *Løft trua høgt* til **skjold**. I bibelsk tid var dei brennande pilene nokre av dei våpen ein frykta mest. Det høge skjoldet skulle verne mot desse. Trua på Kristus er eit vern i kampen mot den vonde, skriv Paulus her. Trua vernar både mot freistingar som kan komme, og dei klagemål ein kan kjenne i sitt eige samvit når ein ser at i seg sjølv kjem ein til kort. Trua med Guds lovnader held då!
- e. *Ta frelsa* til **hjelm**. Hjernen vår treng vern, og til det er hjelmen livsviktig. Hjernen vår kan ta imot mange inntrykk, også vonde inntrykk som ønskjer å setje oss ut av spel. Her er det ei slagmark! I det fine verset i Fil 4,7 står det: «*Og Guds fred skal vare dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus.*»
- f. *Grip Andens sverd*, som er Guds ord. No i fastetida vert me og minna om Jesu freisting i øydemarka. Der ser me at Jesus brukte Guds ord for å slå attende djevelen sine klokt uttenkte forslag. Difor er Guds ord også eit viktig våpen for ein truande i kampen ein er sett i. I Hebr 4,12 står det: «*For Guds ord er levande og verksamt. Det er skarpare enn noko tveggja sverd og trengjer igjennom til det kløyver sjel og ånd, merg og bein, og dømmer dei tankar og planar som bur i hjartet.*»
- g. *Gjer dette* i **bøn**. Så høyrer også dette med til rustninga, «*Be alltid i Anden*» (v.18). I kampen ein er sett treng ein kraft frå det høge. I Galatarbrevet står det om kva frukter Anden gjev: «*kjærleik, glede, fred, tolmod, mildskap, godleik, truskap, audmjukskap og sjølvdisiplin.*»

«Helhet gjennom Kristus»

Når det vart slik at eg skulle skrive tekstgjennomgang til nett denne teksten, kjem eg ikkje utanom å nemne «Helhet gjennom Kristus». Det er ei økumenisk sjelesorgørsløse, som tilbyr sjelesorg på ulike stader i Norge (også internasjonalt). Sjå heimesida:

<http://www.helhet.org/>.

For meg personleg har deira tilbod vore viktig, og også ei god hjelp til å oppdage sentrale sider som me har teke fram i denne tekstgjennomgangen.

Dei har ei lita brosjyre skriven over denne teksten: «En vandring gjennom Ef 6,10-18» av Bengt Pleijel. Han er ein tidlegare svensk prost, mellom anna tilsett ved Åh Stiftsgård på den svenske vestkysten. På 1980-talet og utover var han og kona Anniken, på mange fine kurs og

seminar her i Norge, og delte av det dei hadde fått gjennom Guds ord. Bengt Pleijel har ei nettside som kan anbefalast: <http://www.bibelskolan.com/litterator/pleijel/index.shtml>. Her ligg og denne brosjyra på svensk: http://www.bibelskolan.com/litterator/pleijel/guds_vapenrustning/

«Be for oss Herre i vår nød»

Krigsåra 1940-45 var sterke prøvingsår i landet vårt. Forfattaren Ronald Fangen vart, som den første norske forfattaren, sett i fengsel i november 1940 av nazistane. Han vart sleppt fri i juni 1941, men var under oppsyn av Gestapo. Einar Lundby fortel om då han besøkte Ronald Fangen i fengselet, og at han hadde stor angst. Då bøygde han sine kne og bad: «Takk Jesus for at du også kjente smerten». Det var her han skreiv salmen: «Be for oss Herre i vår nød», N13 442. I 1942 då han var fri, skreiv han teksten til misjonskantaten til 100-års-jubileet for Det norske Misjonsselskap. Denne inneheld salmen *Guds menighet er jordens største under* (N 13 536). Salmen avspeglar tida og krigssituasjonen: «Mens verdens riker stiger og de synker, går kirken mot fullkommenhetens vår.»

Begge desse kan gjerne bli sungne denne søndagen, då me blir minna om at Jesus er sigerherren.

T 1941 Ronald Fangen

M 1954 Olav Mo

*1 Be for oss, Herre, i vår nød
at troen må stå fast,
i kors og trengsel, liv og død,
i pinsel og i plage,
ja, om all verden brast!*

*2 All verdens skikkelse forgår
og skiftes om i hast.
Hva vet vi om vår fremtids kår?
Men oss kan intet skade
når troens grunn står fast.*

*3 Du, Herre, er selv troens grunn,
du er dens rot og mål.
Du herder den i trengslens stund.
Og når vi selv er svake,
gjør du den sterk som stål.*

*4 Å, hvilket under er vår tro!
Den talte alltid sant.
Og sviktet alt, dens kraft bestod.
Den er Guds egen seier
som verden overvant.*

*5 Gå, du Guds Ånd, med troens bud
til denne jammers jord!
Skap tro av trengsel, store Gud,
og si til dem som tviler
at frelst blir den som tror!*

Audun Systad

Sokneprest i Balestrand. Leiar av krinsstyret for Israelsmisjonen i Sogn og Fjordane.
sokneprest@balestrand.kyrkja.no